



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
16.03.2015  
Dykkar dato  
03.03.2015

Vår referanse  
2015/3583 421.3  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland - Gnr 27 Bnr 18 og 68 – dispensasjon arealoverføring – uttale

Fylkesmannen syner til brev av 03.03.2015 med høyringsfrist 01.04.2015.

Saka gjeld dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 19-2, for arealoverføring av 150 m<sup>2</sup> frå gnr. 27 bnr.18 til gnr. 27 bnr. 68 på Moldekleiv. Området er avsett til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel og skal brukast til snuplass og parkeringsplass. Det er i dag ikkje mogleg å snu på eigedommen og det må rygges ned og ut på fylkesvegen.

Fylkesmannen er positiv til at det skal vere mogleg å snu på eigedommen for å minske trafikkfarlege situasjonar på fylkesvegen.

Utifrå dei opplysningane Fylkesmannen har, ser det ut til at snu-/parkeringsplassen skal plasserast på dyrka mark eller beitemark. Dette er me negativ til. Me ber om at det i minst mogleg grad blir tatt av jordbruksareal til tiltaket. Me viser til at arealet på 10 x 15 meter kan reduserast vesentleg og framleis brukast til snu-/parkeringsplass.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*